

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 38/2005

Møtedato: 7.9.05

Arkiv nr: S 875

S 875, Nørre Trøllhøvd – søknad om uthus

Jan Erik Hagen søker om å få føre om eit uthus på 30 m² på stølen. Det er registrert følgjande hus på stølen frå før: Kvilebu (31m²), uthus/skåle (23 m²), sel (70 m²) og anna bygg (5 m²). Det gamle uthuset er så dårleg at det må rivast.

Søkjaren opplyser at han brukar stølen til forproduksjon.

Bygging på støl i bruk skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Statskog skriv i brev datert 1.9.05 følgjadne:

Under forutsetning av at stølen er ibruk ut fra eget bruk, og det er behov for bygget i forbindelse med stølsdrifta, har vi ikke merknad til oppføring av nytt uthus på 30 m2.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene på vilkår av at det gamle uthuset blir rive.

Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.9.05.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Vestre Slidre kommune
Jan Erik Hagen